

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

**Søknad til Næringsfondet - Gilborne Mekaniske - Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske vert tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver.

**Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**

**Handsaming:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.  
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

**ND- 059/22 Vedtak:**

Prosjektet Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske vert tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn:**

Gilborne Mekaniske er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 33.120 Reparasjon av maskiner. Registrert 07.05.2021.  
Kjelde: Proff.no

**Saksopplysningar:**

Gilborne Mekaniske er lokalisert i Galteråsen i Isdalstø og leverer reperatur og service av anlegg- og landbruksmaskiner. Verksemda vart etablert i 202. Gilborne Mekaniske har hatt stor vekst i antall kundar og har flytta inn i eigne lokaler med eigen verkstad. Selskapet er tilknytt Industriutvikling Vest som inkubatorbedrift. Gilborne Mekaniske er Orkel Direkte sin representant i regionen. Selskapet har 2 tilsette på fulltid og 1 tilsett på deltid.

**Om prosjektet:**

Gilborne Mekaniske skal gjennomføre investeringar som vil bidra til at selskapet kan ta nye marknadsandelar ved å tilby nye og betre tenester. Eit diagnoseapparat vil medføre at selskapet kan jobbe med nyare maskiner, som traktorar og anleggsmaskiner, med ny teknologi. For å bli godkjend landbruksverkstad treng ein spesialutstyr.

Ved å investere i aggregat for kjøring av hydraulikk vil selskapet kunne tilby forflytting eller reperatur av maskiner som står fast på vanskelege områder i terrenget.

Verksemda vil og investere i sertifiseringskurs som medfører at selskapet kan utføre pålagte årskontrollar. Investering i marknadsføring, profilering og IT utstyr er og ein del av planen for å utvikle bedrifta vidare.

**Prosjektleveranse/Målsetting**

Gilborne Mekaniske ønsker med dette prosjektet å få til videre vekst og utvikling av verksemda og på denne måten kunne tilsette sette fleire medarbeidarar.

**Prosjektøkonomi:**

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske</b>	350 000	175 000	100 000

**Vurderingsgrunnlag**

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, innovasjon, vekst og auka sysselsetting i kommunen.

**Vurdering:**

Alver kommune ser positivt på aktiviteten Gilmore Mekaniske gjennomfører for å skape vidare vekst i verksemda. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi og stimulerer til vekst i eksisterande verksemdar og arbeidsplassutvikling.

Vedlegg:

**Vedlegg i saken:**

28.10.2022      Søknad-2022-0049

1825561